

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	12.05.2023
Vår referanse	2023/57599-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Malene Utkilen
E-post	Malene.Utkilen@vlfk.no
Telefon	94172524

Uttale til søknad om dispensasjon - frådeling av parsell - gnr. 103 bnr. 5 - Osterøy kommune

Vi viser til brev av 12.04.2023, med førespurnad om uttale til dispensasjonssøknad.

Om saka

Det er søkt om dispensasjon for frådeling av ein parsell frå gnr. 103 bnr. 5 i Osterøy kommune. I søknaden er det opplyst at eigar av gnr. 103 bnr. 119 skal kjøpe delar av eigedomen og at det nye arealføremålet vil vere tilleggsareal.

I kommuneplanens arealdel ligg halve eigedomen i LNF-område, og halve ligg som byggeområde bustad.

Uttale

Søknaden er noko uklar for oss. Dersom søknaden gjeld arealoverføring av parsell til bnr. 119, har vi ingen merknadar til dispensasjonssøknaden. Det er heller ikkje nødvendig å søke om løyve til avkøyrslø dersom søknaden gjeld arealoverføring mellom dei to tilgrensande eigedomane.

Dersom eigedomen skal få eget matrikkelnummer, slik at gnr. 103 bnr. 5 blir delt i to sjølvstendige eigedomar, er det derimot nødvendig å søke om løyve til avkøyrslø til den frådeltte parsellen. Vi minner om at kommunen ikkje kan fatte vedtak om oppretting av ny eigedom før avkøyrslø frå offentlig veg er godkjent av vedkommande vegmynde, jf. plan- og bygningslova § 27-4. Fylkeskommunen har mottatt søknad om løyve til endra bruk av avkøyrslø. Vi har bedt om meir informasjon om tiltaket før vi kan behandle søknaden.

Fylkeskommunen er kritisk til frådeling av eigedom med arealføremålet tilleggsareal. Vi kan ikkje gi løyve til avkøyrslø med føremålet tilleggsareal viss det skal opprettast ny eigedom med eget matrikkelnummer. Dersom det arealet berre skal nyttast som tilleggsareal, meiner vi at grensejusteringane bør skje som arealoverføring.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Malene Utkilen
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift